

Øystre Slidre kommune
Retningslinjer for bruk av snøskuter til transport mellom bilveg og hytte
(herunder privat fritidsbruk av støl/bu o.l.)

Vedtatt av kommunestyret den 18.02.2020, sak 05/21

Mål:

Hensikta med retningslinjene er å vidareføra etablert praksis der transportbehov med snøskuter mellom brøyta bilveg og hytte primært skal dekkast av leigekøyringsordning der slik ordning er etablert.

Bakgrunn:

F.o.m 1. oktober 2020 har Klima- og miljødepartementet endra § 5 første ledd bokstav c i forskrift om bruk av motorkøyrerøy i utmark og på islagde vassdrag. Tidlegare var det eit krav for i det heile å kunna gi løyve til bruk av snøskuter til transport av bagasje og utstyr til eigar av hytte, at hytta låg minst 2,5 km frå brøyta bilveg og at det ikkje var moglegheit for leigekøyring i området.

Avstandskravet og krav til å nytta leigekøyring er no fjerna frå bestemmelsen.

Hovudregel

Øystre Slidre kommune vidarefører krav til avstand (min. 2,5 km frå brøyta bilveg til hytte) og krav til bruk av leigekøyrar der slik ordning er etablert.

Dette inneber at søknader frå eigarar av hytter til bruk av snøskuter normalt vil bli avslått med begrunning i desse retningslinjene. Behov for transport vil bli vist til leigekøyrar i det aktuelle området.

Unntak

Der det etter vurderinga til kommunen ikkje finst tilfredsstillande ordning med leigekøyrar, kan kommunen i spesielle tilfelle gi løyve til bruk av snøskuter til transport mellom brøyta bilveg og hytte.

Følgjande krav må vera oppfylt før løyve kan gis:

- Avstand mellom brøyta bilveg og hytte må vera minst 2,5 km målte i luftlinje eller annan formålstenleg metode
- Det blir berre tillate transport av bagasje og utstyr
- Personar kan sitja på så lenge det er plass saman med bagasjen, føresett at passasjertransporten ikkje medfører ekstra køyring
- Køyring må gå føre seg etter fastsett (kartfesta) trasé
- Løyvet blir gitt for ei avgrensa mengde turar pr. sesong, normalt ikkje meir enn fem turar